



# Beredskapsplakat

## Eigenberedskap for 7 dagar

I ei krise må vi prioritere å hjelpe dei som treng det mest. Dess fleire som har god eigenberedskap og kan greie seg sjølv i 7 dagar, og kan hjelpe andre, dess betre rusta står vi som samfunn under ei krise. Sørg for å ha nok vatn, mat, medisinar, ved, batteri og førstehjelpsutstyr for ei veke. Følg råd på [sikkerhverdag.no](http://sikkerhverdag.no)

## Krisekommunikasjon

Om ei krise oppstår vil kommunen informere via [www.surnadal.kommune.no](http://www.surnadal.kommune.no), Facebook og media. Vi kan også sende ut SMS-varsling. Politiet kan sende ut nødvarsel på mobil. NRK P1 via DAB-radio er nasjonal beredskapskanal.

## -ved langvarig bortfall av strøm og EKOM eller upåliteleg informasjon

Ved langvarig bortfall av strøm, mobil- og internett må vi kommunisere på anna vis. Under finn du oversikt over oppmøteplassar og aktuelle kontaktpunkt ved akutt behov for hjelp og bistand.

Det blir da hengt opp informasjonsplakatar ved alle nærbutikkar og oppmøteplassar i tråd med situasjonen. Dette gjer vi også dersom digitale kanalar/media er upålitelege som følge av cyberangrep.

Viktige telefonnummer i krise	Oppmøteplassar og kontaktpunkt ved langvarig bortfall av strøm og telefon
Helse: 113	<b>Surnadal kommunehus:</b> Kriseleiing/satelittelefon
Politi: 112	Ved akutt behov for helsehjelp: <b>Surnadal sjukeheim</b> Helsepersonell/satelittelefon
Brann: 110	Lokale <b>brannmannskap</b>
Teknisk vakttelefon kommunen: 416 35 388	<b>Befalsvakta i kommunen lyttar på jaktradio: Jakt kanal 1 og er bemanna med satelittelefon</b>
Kommunens sentralbord: 716 58 000	Privatpersonar med jaktradio